



Arve Olav Kjølraug
Gangstøvegen 99
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3360 - 17/1766

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.01.2017

Trong for tilleggskdokumentasjon - gbnr 133/5 Soltveit søndre

Lindås kommune viser til søknad om frådeling av parsell for eksisterande våningshus og uthus på gbnr 133/5 Soltveit søndre. Søknaden er send på høyring til regionale og lokale styresmakter i dag med 4 veker høyringsfrist.

Kommunen finn etter gjennomgang av søknaden at det er trong for tilleggskdokumentasjon, jf byggesaksforskrifta (SAK 10) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

- Gjenpart av nabovarsel
Kommunen har mottatt kvittering for nabovarsel, men ikkje gjenparten som dokumenterer kva som er nabovarsla, jf vedlegg. Vi ber om at denne vert ettersend.
- Dokumentasjon av private rettar
Det må dokumenterast at ny parsell er sikra vegrett over hovudbruket. Det same gjeld for plassering av private anlegg for vassforsyning og avlaupshandtering dersom anlegga er plassert på hovudbruket eller på anna måte krev at det ligg føre samtykke frå grunneigar .

Kommunen ber om at tilleggskinformasjon vert sendt inn samla innan 4 veker, dvs 17.02.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:



Vedlegg:

5155-opplysninger_gitt_i_nabovarsel

Mottakrar:

Arve Olav Kjørlaus

Gangstøvegen 99 5911

ALVERSUND